



Det har skjedd mykje på Børnes i det siste, både når det gjeld sal av areal/anlegg og opparbeiding av nye område. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Det er gått eitt år sidan kommunevalet. Då kom politikarane med lovnader om å få fart på næringsutviklinga og tilretteleggja Børnes industriområde etter mange års stillstand og forsøpling.

Men kva har eigentleg skjedd i dette året?
Er det grunn til å vera fornøgd med 'den nye giv'?

Det vil Jarle Fossheim frå kommune-administrasjonen og Gunnar Røssland frå politikarane klargjera under møtet til Uskedalen Utvikling i Gamleskulen måndag kveld klokka 19.

Dei som er tildelt areale og som driv verksemd på Børnes i dag vert oppmoda om å møta fram og folkevalde frå Uskedalen og næringsdrivande vert særleg inviterte til å vera med.

Næringsutvikling andre stader i bygda vil også bli eit tema.